Årsmøte i Midtre Naustdal Storvald.

Dato: **26. mars 2019.**
Tid: **Kl. 20.00**
Sted: **Som nettmøte grunna coronatiltak.**

Registrering:
PS: På grunn av dei siste føringar nasjonalt opp mot «coronatiltak» er det teke justering av møteplass slik at det ikkje lenger er aktuelt (råd) med fysisk oppmøte.
Det er gjort informasjon til alle gjennom heimesida om å gje merknader etc til saker. Alle er også minna gjennom fleire sms-ar om saka.
Sittande styre vart samla på telefonløysing.
PS: Ingen merknader til sakliste eller saksdokument er kome inn. Dei kontakter som er gjennomført støttar saksframlegga slik dei er lagde ut.
Store deler av jaktfelta har rapportert at dei er samde i løysinga som er vald slik at ein unngår unødig smittepress. Jaktfelta seier seg tilfreds med saksgrunnlaga som er lagde fram.

Styreleiar Jan Hove opna møtet.
Han orienterte om at jaktfelta hadde rapportert til han at dei var samde i opplegget. Ingen framlegg om endringar er motteke.

Godkjenning av innkalling/sakliste:
Innkalling ; Godkjend.
Sakliste; Godkjend

1) **Valg av møteleder og referent:**

Styreleiar Jan Hove er møteleiar i samsvar med vedtekter. Jan støfring- vald som referent.

2) **Val av representantart til å signere protokoll;**
Jan Hove og Jan Støfring (forenkla løysing grunna coronatiltak) utpeika *til underteikning av protokoll.*

3) **Årsmelding 2019:**

Styreleiar Jan Hove gjekk gjennom årsmeldinga.
Vedtak: Årsmeldinga teken til vitande

4) **Regnskap:**

Ken Egil Hove presenterte og forklarte regnskapet. Regnskapet viste eit underskot på kr. 563,- for 2019.

Innestående på konto pr 31.12.2019 utgjer kr. 20.318,50

Svært god etterleving av innbetalingsfristar for fellingsavgift i år som styret meiner også er grunnlag i god informasjon og klare fristar. (Unntaket er eitt jaktfelt som etter fristar har registrert og også innbetalt kr 1200 meir enn fakturaliste. Forholdet omtala i rekneskapen.

Årsmøtet er også orientert om nye reglar for juridisk knyting av bankkonto tildelt den valde rekneskapsførar. Denne regelen blir standard løysing for framtida også der den som blir vald må akseptere dette.

Vedtak; Regnskapet godkjent.

5) **Forvaltningsplan 2020, 2021 og 2022.**

Saka er lagd ut på heimesida saman med innkalling til årsmøtet slik at alle kan sette seg inn i dokumentet.

Vedtak; Ny forvaltingsplan 2020,2021 og 2022 er vedteken.

6) **Avskytingsplan for 2020 (tildeling).**

Styret la fram framlegg til avskytingsplan for 2020.

Vedtak; Det blir tildelt standard 148 løyver + 20% påslag som tidlegare. Samte tildelingsbrev som tidlegare (dette ligg på nett).

7) **Innkomne saker**

Ingen andre saker er kome inn.

Det er motteke melding frå kommunen om at vårteljing av hjort ikkje blir å vidareføre innan den nye kommunen.

8) **Val**

Saka vart gjennomført i regi av ordstyrar som den er framlagt av valnemda ved Halvard Einevoll og Eilif Erdal.

Orientering om stoda:

Styrerepr: Ken Egil Hove er ikkje på val (ferdig med 1. av 2 år)

Styreleiar: Jan Hove- leiar på val kvart år.

Styrerep: Jan Støfring – på val (vald for periode til årsmøte 2020). Han har skriftleg orientert om at han ikkje stiller for ny periode.

Vara til styret: Olav Erdal- på val (vara på val kvart år)

Valnemnda gjorde slike framlegg:

Framlegg til styreleiar; Jan Hove.- vald (vidareført)
Framlegg til styrerepr.: Anders Neteland vald for 2 år
Styrerepr. Ken Egil Hove er ikkje på val og sit i styret ut i 2020 etter val i 2019.
Framlegg til vara til styret : Uendra frå 2019

Vidare gjorde årsmøtet slikt val: Ny leiar av valnemnda ;Halvard Einevoll- 2. repr i valnemnda Eilif Erdal. (vidareføring av løysinga slik den er no)

Nettmøtet slutt kl 20:30

Referent: Jan Støfring

Jan Hove ..... (sign)

..... (sign)

PS: Protokoll skal scannast inn slik den framstår i signert versjon, samt leggast på heimeside som arkiv.